

Hallo i nedslagsfeltet!

Den siste tida har sportsleg ikkje vore på topp. På ein joggetur på Brunstadsetra klarte eg å vrikle foten kraftig og fekk ein stor hevelse på venstre oklekul. Det var også ganske smertefullt, men no endeleg, etter nokon veker følast foten heilt normal ut igjen. I denne skadeperioden har det vore ein skikkelig fagleg innspurt på VG1 på Vestborg, så på ein måte passa skaden ganske bra. Trass i skaden har eg haldt meg i aktivitet. Jogging vore smertefullt, men sykling og ikkje minst fjellturar har vore ganske ok. Derfor har dei siste vekene vore prega av mange fine fjellturar i bort i mot verdas finaste terreng og utsikt. Saman med gode, spreke venner har eg vore på Skurahornet, Ljøbrekka (den Trondheimske postveg) og ei overnatting på Brunstad kølen blant anna. Vêre har bort i mot vore på topp! Bileta talar vel for seg sjølv:



*Bilder i fra turen på Ljøbrekka, med utsikt til Geirangerfjorden.*

På fredag fekk eg ein etterlegta sommerferie frå skulen. Det vart ingen eksamen på meg i år, noko eg er ganske nøgd med. I sommer er planen ein tur til det flotte Nord-Noreg. Planen er å oppleve Kjerringøy, Steigen og Lofoten på sykkel. Gler meg! Eg liker meg best i alpine landskap, det skal eg ikkje legge skjul på. Syden er vel bort i mot det siste eg kunne tenkt meg, hehe :-)



Ellers har eg kome inn på VG2 realfag til neste år, også på Vestborg. Neste år har eg fått ein avtale slik at eg og ei god venninne i klassa mi som også er friidrettsinterisert, skal få trene i skuletida. Vi vil få tett oppfølging og besøk i frå ein trener frå Tingvoll. Det blir bra! Meir om det når eg veit meir sjølv :-)

Mi personlige form: 4,0 (skade)

